

Læreplan i vg3 chassispåbyggjarfaget

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 24. juni 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 chassispåbyggjarfaget handlar om å spesialtilpasse køyretøy for transport av menneske, dyr, varer og gods. Faget skal medverke til at lærlingane utviklar kompetanse innanfor påbygg, reparasjonar, produkt- og materialval. Faget handlar òg om løysingar som sikrar levealderen og kvaliteten til køyretøyet og utstyret, og om å tilpasse dei til bruksområde innanfor dei behova samfunnet har for transport. Faget skal bidra til at arbeidslivet får fagarbeidarar som med fagkompetanse og kreativitet finn gode, tilpassa løysingar for kundar.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunlaget for opplæringa. Vg3 chassispåbyggjarfaget bidreg til å utvikle kritisk tenking og gjensidig respekt når lærlingane erfarer at samarbeid med andre og val av metodar for reparasjon og ombygging av karosseriet påverkar kvaliteten og sikkerheita til køyretøy. Gjennom å gi lærlingane høve til å reflektere over korleis arbeidet med ombygging og reparasjon kan påverke miljø og sosiale forhold, vil faget fremje det etiske medvitte deira. Utforskartrøng og skaparglede blir utvikla gjennom praktisk og teoretisk tilnærming til ombygging, tilrettelegging og utbetring av køyretøy.

Kjerneelement

Helse, miljø og sikkerheit

Kjerneelementet helse, miljø og sikkerheit handlar om å utføre arbeidsoppgåver i tråd med regelverk og god arbeidspraksis. Det handlar òg om faremoment ved arbeid på køyretøy og maskiner med ulike framdriftssystem og sikkerheitssystem. Kjerneelementet handlar dessutan om varmemearbeid og bruk av ulike kjemikalier på ein sikker måte og om å ta miljøomsyn og nytte avfallshandtering og resirkulering av materiale.

Tilpassingar

Kjerneelementet tilpassingar handlar om tilrettelegging av ulike køyretøy til ulike behov i samfunnet. Vidare handlar det om bruk av mekanikk, pneumatikk, hydraulikk og elektronikk for å gi kundar og brukarar eit tilpassa køyretøy som samsvarer med behova for tilpassing av køyretøyet. Kjerneelementet handlar òg om etiske retningslinjer og om å følgje regelverk ved tilpassing av køyretøy.

Planlegging og dokumentasjon

Kjerneelementet planlegging og dokumentasjon handlar om å planleggje og utføre arbeid i samarbeid med kunde og brukar, og å kunne dokumentere at endringar i påbygg og chassis til køyretøyet er i tråd med regelverk og bestilling. Det handlar òg om å rettleie kunden, vurdere moglegheiter og tenkje kreativt for å finne løysingar som tilfredsstillar behova til kunden.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I vg3 chassispåbyggjarfaget handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om korleis oppbygging og tilpassing av køyretøy kan bidra til at menneske kan mestre sitt eige liv og handtere praktiske utfordringar. Det handlar òg om behovet for tilpassa køyretøy som tek vare på helsa og arbeidsbehovet og bidreg til livsglede hos andre. Vidare handlar det om å tilverke driftssikre køyretøy og påbygg, om gjenbruk av komponentar, utstyr og materiale og om å bruke returavtalar for metall.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 chassispåbyggjarfaget inneber å beskrive, forklare og dokumentere ulike arbeidsoppgåver, arbeidstilhøve og metodar. Det inneber òg å forstå uttrykksmåtar, fremje eigne synspunkt og drøfte problemstillingar, og å gjere seg forstått med eit presist språk for å unngå feil og misforståingar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 chassispåbyggjarfaget inneber å planleggje, utforme og omarbeide tekstar og notat. Det inneber vidare å forme faglege tekstar tilpassa mottakar og føremål. Det inneber òg å utforske og reflektere over faglege emne og problemstillingar og å bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve. I tillegg inneber det å forstå og bruke andre uttrykksformer som bilete, figurar og symbol.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 chassispåbyggjarfaget inneber å forstå og tolke regelverk, arbeidsbeskrivingar, prosedyrar og handbøker. Det inneber òg å setje seg inn i skriftlege avtalar, arbeidsbeskrivingar og reglar og lovverk innanfor arbeidslivet. Vidare inneber det å bruke datablad og faglitteratur for å løyse og reflektere over faglege emne og problemstillingar, og å bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 chassispåbyggjarfaget inneber avlesing av måleiningar, og omrekning og utrekning av mål, styrke, lengd og tjukne ut frå arbeidsteikninga. Det inneber òg å stille inn og korrigere utstyr og maskiner, og økonomistyring knytt til materialval, utstyrsvæl og tidsforbruk.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 chassispåbyggjarfaget inneber å bruke digitale ressursar ved planlegging, produksjon, dokumentasjon og kommunikasjon. Det inneber òg å feilsøkje, lese av, diagnostisere og oppdatere produkt og bruke maskiner, verktøy og anna utstyr. Digitale ferdigheiter inneber vidare digital dømmekraft, refleksjon og etisk medvit om bruk av dei forskjellige sosiale media som finst i dagens samfunn.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering etter vg3 chassispåbyggjarfaget

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- gjere greie for ulike plasseringar av understellsnummeret på køyretøyet, forstå krav til det og forklare kva informasjon ein kan lese ut av det
- velje og nytte materiale i samsvar med konstruksjonsteikningar og innverknaden ulike materiale har på kvarandre
- produsere, tilpasse, demontere og montere chassiskomponentar, innreiing og utstyr etter konstruksjons- og arbeidsteikningar og etter regelverk og produsentkrav
- stille inn, betene og halde ved like utstyr, maskiner og apparat som blir nytta i arbeidet
- reflektere over korleis varmebehandling påverkar struktur i materiale og metall, og gjennomføre varme arbeid og samanføyingar
- velje og utføre tiltak for å unngå korrosjon og oksidasjon på overflater og i holrom
- reflektere over krav til styrke i konstruksjonen og korleis arbeidet påverkar styrken og sikkerheita
- utføre nyinstallasjon og utskifting av vindauge i køyretøy
- montere sikkerheitsutstyr etter krav frå produsentar og lovverk
- utføre sikring av komponentar ved sveise- og varmearbeid på chassis, og vurdere moglege skadar

- reflektere over behovet for og følgje sikkerheitsrutinar ved arbeid på køyretøy drivne av ulike energikjelder
- montere elektronisk utstyr og bruke måleutstyr for funksjonskontroll
- handtere kjemikalier og spesialavfall i tråd med lover og forskrifter
- registrere avvik og dokumentere arbeid etter framdriftsplanen til bedrifta
- rettleie kunden om ønskete tilpassingar og endringar i køyretøy, chassis og påbygg i samsvar med regelverk og tilvisingar frå produsenten
- samarbeide med andre for å utvikle løysningar som tek vare på kundebehov og regelverk
- vurdere og velje produkt og komponent med tanke på økonomi, miljø og etikk
- gjere greie for partssamarbeidet i bedrifta og reflektere over kva plikter og rettar arbeidsgivaren og arbeidstakaren har, og kva krav og forventningar som er stilte til eit likeverdig og inkluderande arbeidsliv.

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 chassispåbyggjarfaget når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 chassispåbyggjarfaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingen kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Vurderingsordning

Sluttvurdering

Før fagprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingssdel.

Opplæringa i vg3 chassispåbyggjarfaget skal avsluttast med ei fagprøve. Alle skal opp til fagprøva, som skal gjennomførast over minst fem vyrkedagar.